Kunstnar til utsmykking av vegg i offentleg rom (Nortura i Sogndal)

Oppdragsgivar: Kunstbygda Balestrand AS og Sogndal Kommune

Oppdraget

Vi søker ein profesjonell kunstnar til å utforme og realisere eit kunstverk som skal pryde neste flate på Norturaveggen. Kunsten skal byggje vidare på verdiene som er lagt til grunn i minnesmerket til Arve Beheim Karlsen, Osenbrui og det fyrste veggmåleriet på Nortura. Veggen som skal utsmykkast er i betong, og er cirka 4 meter bred og 8 meter høgt.

Tema

Kunstverket skal ta omsyn til tematikken inkludering, mangfald og fellesskap. Verka står nært til minnesmerket til Arve Beheim Karlsen, som blei avduka i 2024, og Osenbrui som vert opna i 2021.

Kriteria

- Materiale og teknikk skal vere tilpassa langvarig eksponering av ymse vêr.
- Kunstverket skal ikkje vere til hinder for tilkomst eller dagleg bruk av området.

Kven kan søkje?

Vi inviterer profesjonelle kunstnarar, nyetablerte kunstnarar eller kunstnargrupper fra heile landet til å delta. Erfaring med offentlege kunstprosjekt er ein fordel, men ikkje eit krav. Det vil vere ekstra fint dersom kunstnaren kan inkludere ein plan for korleis elevar frå vidaregåande skule kan involverast i prosjektet under gjennomføringa. Det finst eit eige budsjett for dette.

Krav til søknad

Send inn følgjande dokumentasjon:

1. Omtale av deg som kunstnar (ditt virke og foretrukken teknikk) og ein skisse av idéen for kunstverket.
2. Litt om deg: Inkluder relevant utdanning og evt tidlegare prosjekt.
3. Bilete eller dokumentasjon av 3-5 tidlegare verk, evt ein lenke til portefølje.
4. Budsjett og framgang: Eit førebels estimat over kunstnarhonorar (opp til 100.000,-) for dette prosjektet, og gjerne noen ord om andre utgifter dersom du allereie veit om spesifikke kostnadar knytt til produksjon. Budsjettet kan aukes dersom vald kunstnar kan inkludere prosjekt med elever frå Sogndal vgs - dette kan og drøftes i vidare prosess.

Fristar

- **Søknadsfrist**: 15. april 2025
- **Utval**: innan 30. mai 2025

Verket er tenkt ferdigstilt på lokasjon i tidsrommet **juni-september 2025**. Dersom kunstnaren ser det som vanskeleg å gjennomføre prosjektet i år, kan det spesifiseres i søknaden at det ønskjes gjennomføring i 2026.

Korleis søkje?

Send inn søknaden elektronisk til post@kunstbygda.no med emnefeltet: "Kunst: Norturaveggen". Dersom du har spørsmål, kan du kontakte Silje på tlf 48094585 eller via e-post.

Utveljingsprosess

Sogndal Kommune har eit eget kunstråd som saman med styret til Kunstbygda Balestrand AS vil vurdere søknadene basert på kunstnarleg kvalitet, relevans for temaet og at det er mogleg å gjennomføre teknisk.



Neste panel er markert i raudt.